

Tabor - Dalen

Med Tabors høgferd lysande i minnet —
på stjernebraut du ser din framtidsvogl
Og fagre draumslott reiser seg der inne
med stråleportar — vidopne for deg.
Drag inn til spegelstille hjartefredent!
Her ser du atterreist ditt tapte Eden!

Sjå — her er utsyn over vidd og vangar —
Til ufs og jøtuldjup og tinderad. —
Og lufti her — av sjølve Himlen angar.
I gjennom sjeli susar lovsongs kvad.
Frå øvste tårn i denne solskinnborgi
du kan få kasta frå deg hjartesorgi.

Her er din Himmel blå — og utan skyer.
Og her er soli allstødt meir enn bjart.
Her ovanfrå du tykkjer bygd og byer
ligg sveipt i syrgjeslør av skugge — svart.
Men du er tusund mil frå verdsenssveimen
i denne ljose, strålefagre heimen!

Men medan du i dette draumsyn dormar
og ynskjer stilt at det må vara ved. —
Frå fjerne synsrand kjem der atter stormar.
Og du vert førd frå Tabors høgder ned
til livsens strid og gjeremål i Dalen.
Til siger eller nederlag på valen.

«Var det ei hildring berre»? spør du ofta.
«Eit synsvik i eit armt og fatigt liv»?
So gjennom blesen sit du jamt på tofta
og tykkjer båten mot ein fallgard driv
på livsens hav, som ingi misskunn kjenner.
Men også då du er i Jesu hender!

Som frelsesgrunn er Tabor ei å akta!
Det lett som såpeskum i stormen brest!
Nei, livsens kalde, harde, nakne fakta
det vert nok dei du kjem å møta mest!
Fylg Jesus du! Til Tabor og i Dalen.
Han fører deg til kronings-katedralen!

JOHS. M. L. RYDLAND.

Dagur 11/4 - 1958.